

Nye rutetider

NSB innførte nye rutetider over heile landet gjeldane frå søndag 13. desember. For Bø stasjon er det ingen endringar i det heile. Alle avgangar og ankomstar er på same tid som sist rutetabell.

Miljøsaker i Sauherad

Sauherad kommunestyre vedtok seks punkter lagt fram frå representanten Helle Friis Knutzen på vegne av posisjonspartia Ap, MG, V og KrF. Med 20 mot 7 stemmer blei det betemt at innan utgangen av 2016 skal 20 prosent av kommunen sin bilpark være fosilfri. Vidare skal det utgreiast om ein kan bruke pengar frå næringsfond til hurtigladestasjon i samarbeid med næringslivet. Det skal vidare leggest til rette for sakteladestasjonar på større

arbeidsplassar. Rådmannen blei så pålagt å foreslå eit opplegg for ein gå- og sykle-til-jobben-kampanje for alle i Sauherad. Det blir sett opp premiar for å stimulere til deltaking. Kommunestyret bad vidare om at det kjem opp ei sak med mål om bruk av kollektivtransport for tilsette og politikarar på tenestereise. Til slutt vedtok kommunestyret at klimatiltak og klimautfordringar må synleggjerast i større grad i budsjett for 2017.

Kommunehuset på ve

– Hallelujastemning med små bokstavar



KOMMUNEREFORMA

Det var mange fornøgde politikarane frå Midt-Telemark i Vrødal tysdag og onsdag. Det vart snakka som hallelujastemning, i alle fall med små bokstavar. Bø vil halde på kommunehuset og ligg an til å få gjennomslag.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Mange av forslaga som politikarane la fram etter gruppearbeidet tysdag ettermiddag går på at Bø kan få kommunehuset, men betalinga kan bli teknisk kontor, Midt-Telemark næringsutvikling og kanskje landbrukskontoret. Frå Sauherad er det også ønskje om å få kultur.

I oppsummeringa med gruppa frå Bø konkluderer ordførar Olav Kasland med at det er veldig viktig for Bø å få kommunehuset. Mange peika på at dei meiner det også er viktig for ein ny kommune at kommunehuset ligg ein plass der det er fart framover. Men Kasland peika også på at det vil koste. Bjørg Tveito Lundefaret, ordførar i Nome, stadfesta i gruppearbeidet at arbeidsplassar er viktig for Nome.

Best mogleg avtale

Ein av politikarane som sat i gruppearbeid er Anders Hjelseth (Sp), Nome. Han har vore ein av dei som har gått ut og ønskt at Nome skal sjå mot Skien.

– Eg er valt inn i formannskapet. Senterpartiet (Sp) har sagt at me skal jobbe for ei best mogleg avtale, seier Hjelseth.

Han konstaterer at det for

tida ikkje skjer mykje når det gjeld grenlandsalternativet. Det er heller ikkje så veldig aktuelt dersom det blir ein storgrenlands-kommune.

– Eg gjekk ut og snakka om Grenland som privatperson, eg ønskte å sjå kva som skjer der, seier Sp-politikaren.

– Eg er absolutt ikkje i Vrødal for sabotere, det er eg veldig klar på. Me veit ikkje korleis det går og om det blir aktuelt med Midt-Telemark skal me ha best mogleg alternativ.

– Vil du tilrå eller gå imot intensjonsavla i "valkampen"?

– Det vil eg ikkje seie noko om no. Eg har mitt syn, om det fell saman med Sp sitt veit eg ikkje, seier Hjelseth.

Vil utsetje avstemminga

– Eg meiner Sauherad bør forhandle både med Aust- og Midt-Telemark, det er det same som førre kommunestyre sa, seier Torstein Haukvik.

Haukvik er vara på møtet for varaordførar Alf Rose Sørgaarden i Sauherad. Han seier at det har gått trått med aust-alternativet, men no reknar ein med at det kan forhandlast frå starten av januar.

– Eg meiner avstemminga i kommunestyre 28. januar må utsettast i fire veker, seier Haukvik.

Haukvik er frå Akkerhaugen og trur at mange der også ser austover, på same måten som folk på Hjuksebø og Nordagutu.

– Eg er absolutt positiv til dette møtet og det me jobbar med her. Det er det mest nærliggande for Sauherad, seier Haukvik.

– Kva skal til for å "kjøpe" dei på Hjuksebø?

– Det får ein ta i forhand-



Best mogleg avtale. Anders Hjelseth vil også sjå mot Grenland, men jobbar for best mogleg avtale. F.v.: Anders Hjelseth, Torstein Haukvik, Bent Brustad og Kristin Digranes Bøen. Foto: MARTA KJØLLESDAL

lingsutvalet, smiler Haukvik.

Frå negativ til positiv

– Eg var veldig positiv til samanslåing, men etter valet har eg blitt meir negativ. Det har handla for mykje om detaljar, om kven som får kva, seier Kristin Digranes Bøen (KrF).

– Men dette har vore veldig

positivt. Me har jobba i små grupper, alle har hatt ordet og alle blir høyrte, meiner Bøen.

Ein av dei tillitsvalde, Bent Brustad, hovudverneombod i Nome, er glad for at verneomboda har fått bli med på prosessen, det var ikkje tilfelle i det som er malen for arbeidet, samanslåinga av Sandefjord, Andebu og

Stokke.

– Me har ein mal for omstilling. Samanslåing vil kunne fungere om ein følgjer den, meiner Brustad.

Oppfordring til dei unge

– Me i Arbeiderpartiet (Ap) har vore positive og opne til samanslåing. Eg vil gjerne sjå resul-